

# KUNST

EVA FURSETH, kunsthistorikar. [eva.furseth@gmail.com](mailto:eva.furseth@gmail.com)

«Tradisjon er ein vegvisar, ikkje fangevaktar.»  
William Sommerset Maugham, britisk forfattar



Uredd vov ho fram klarsynte og satiriske verk mot fascisismen i 30- og 40-åra. «Drømmedød» (1936) er ein reaksjon på at nazistane dømde den tyske pasifisten Carl von Ossietzky til døden for landssvik same år som han vann Nobels fredspris. Nordenfjeldske Kunsthistoriskmuseum eig teppet. Foto: Anders S. Solberg

## Nest best i verda

Det anerkjende nettmagasinet Hyperallergic hadde før årssnitt ei kåring av dei beste utstillingane i verda i 2018. Her kom Hannah Ryggen: *Woven Histories* på andre plass! Utstillinga vart vist på det velsette museet Modern Art Oxford og har også hausta gode kritikkar i britiske aviser – som jamt over elles har bitande pennar. Kritikaren Skye Sherwin i Guardian framhevar måten ho kjempar for rettfærd i verda gjennom humor og brodd.

Hannah Ryggen (1894–1970) budde på ein liten gard på Ørlandet i Trøndelag. Det er fascinerande korleis ho møter det samfunnsaktuelle, det som hender her og nå, med ein så omstendeleg teknikk som ein bilde-vev. Ho evnar å fanga dette flyktige og flette saman motsvar tråd for tråd til digre og monumentale verk. Det er særleg imponerende kor tidleg ho reagerer krast mot framveksten av fascisismen, og ho held fram med modige protester gjennom fortialet. Her er brutaliteten vist fram og latterleggjort, og dei som våga å stå imot, vart løfta fram i mjuke og varme skildringar. Verka viser kor sterk og viktig



Samfunnskritiske «Blod i gresset», 1968 er det siste større verket ho laga.

kunsten kan vere. Ryggen brukar alt av kunstnarlege verkemiddel til å fremje bodskapen. Verka har store estetiske kvaliteter, den treffsikre formsansen hennar faldar seg ut i ein fargerikdom som kling i tonar som ho sjølv har utvikla. Ryggen går aldri på kompromiss, verka hennar er gode å gå til når ein treng å finjustere sitt eige moralske kompass. Det treng vi vel alle i desse dagar. Fascisismen er på frammarsj, vi vert forsøkt påverka frå svært mange hald.

Det er nok ikkje utan grunn at kunsten til Ryggen har fått ein internasjonal renessanse.

Hanna Ryggen er stor i Trøndelag. Men korleis er stoda i resten av landet? Kan hende merksemda utanfrå kan få alle i Noreg kan få auga opp for henne?

EVA FURSETH

# Blomar i skinn og kjeder av knoklar

Kunsten til Aslaug M. Juliussen liknar lite på det vi har sett før.

## UTSTILLING

ASLAUG M. JULIUSSEN:  
Skjæringspunkter  
NORDNORSK KUNSTMUSEUM I TROMSØ  
20. OKTOBER 2018–31. MARS 2019  
KURATOR: CHARIS GULLICKSON

Det første som møter oss i utstillinga er tre digre skulpturar: «Hornild», «Hornbærer» og «Hornrose». Reinsdyrhorn stikk opp av store ballar dekte

av skinn og hår frå reinsdyr. Dei strålar mot oss som soler. Dei er som relikviar, sakrale gjenstandar frå eldgamle ritar. Eg gjekk granskande kring skulpturane. Formene er kulerunde frå alle vinklar. Dei vitnar om stor presisjonsevne, eit solid handverk som har slektskap med smykka til Tone Vigeland. Vi finn den same inngående formforståinga, den utryttelege og nyfikne utforskinga av materialet, men her

«Hornild», 2005, 80 x 75 x 75 cm. Foto: Riddo Doulttar Museat, Karasjøk

med heilt andre ingrediensar og intensjonar. Ser vi nærare på skulpturane, oppdagar vi at ho nyttar forskjellige delar av horna til kvar av dei. I «Hornbærer» har ho brukt dei yste delane av horna, desse som minner om hender med fingrar som bøyer seg innover. Nedst er horna store, så vert dei mindre etter som auga gliir oppover forma. Jo meir vi ser på objekta, jo meir dukkar fram. Innimellom vert det som å forsøke tolke eit framand språk, vi anar her er detaljar ein skal ha stor kunnskap om reindrift og samiske tradisjonar for å få fullt utbytte av. Såleis grov det fram eit sterkt ønske om å vite meir og såleis femne tettare om verka.

## Å SETJE KUNST I BÅS

Kunsten hennar krinsar kring reinsdyret. Gjennom fleire tiår har ho arbeidd med reinsdyrdrift, og som kunstnar auser ho den inngående kunnskapen ho har om dyra og tilværet på vidda. Ho hentar inn material frå slaktinga, preparerer det trinn for trinn gjennom tidkrevjande prosessar.

Det kviler ein djup respekt for reinen i verka hennar, også for kunsthandverkstradisjonen, kanskje særleg for duodji. Duodji er eit samisk omgrep som er vanskeleg å omsetje, der naturmaterial, tradisjon og det åndelege smeltar saman i verket. Juliussen har nytta meir enn førti tradisjonsrike handverksteknikkar i dei utstilte verka. Det er sjeldan å sjå slik breidde i eit kunstnarskap.

Det er freistande å romantisere og eksotisere kunsten hennar. Men kunsten hennar



«Hornild», 2005, 80 x 75 x 75 cm. Foto: Riddo Doulttar Museat, Karasjøk

er så mykje meir enn dette. Det er kanskje derfor kuratoren har velt å setje inn seks verk av kunstnarar som har inspirert henne, eller har likskapar i materialbruk og tema. Mellom anna er her eit teppe av den kjende tekstilkunstnaren Siri Anker Aurdal, som ho var assistent for tidleg på åttitaler. Desse innslaga skaper nye og ofte uventa rom for dialogar.

## KVITSKURTE KNOKLAR

Dei største verka er plasserte i det luftige atriet i første etasje. Midt i rommet fløymer ei kjede av knoklar ned frå seks meters høg. Det gir ein så overveldande verknaad at det døyer noko av det makabre ved det. Verket kan stå som ein allegori over Esekiel 37, der Gud gav profeten eit syn der han såg ein dal full av tørre



«Frosne blomste», 2009 Foto: Eva Furseth

bein og korleis dei døde truande skal reise seg i endetida: «Tal profetisk over disse ben og si til dem: Dere tørre ben, hør Herrens ord!» Verket «Hornkjede» er utforma av kvitskurte knoklar, hovar og horn som er patinerte og lenka saman. Mellom kvart stykke bein er eit årsmerke av typen reinsdyra har i øyra med informasjon om kjønn, årgang og eigar. Merka fortel at knoklane ein gong hadde liv. Såleis kan verket også tolkast i memento mori-tradisjonen frå barokken, desse dystre måleria som dvelte over kor kort livet er.

## HORNPINNAR

Langs to veggjar heng hornpinnar på rekke og rad. Her er ein bit gevir forsynt med langstrakte glashorn i kvar ende. Ho har også laga versjonar stoypte i jarn og dolomitt. Desse skarpe og paradoksalte sårbar spyda er like vakre å sjå på, som vanskelege å forstå.

Om ein ser på dei som stiliserte reinsdyr, kan dei kanskje seie oss noko om balansen mellom natur og kultur. Det som ser sterkt ut, kan gjerne lett knekke.

Hornpinnane er også brukte som stilk og frøberar i digre skinnrosar. Også desse er påsydd årgangsmerke. Blomane er laga av kåpene til kvinner som kunstnaren verdsette. Fleire av dei røffe og vêrharde vekstane er på avskrekking vis forsynte med lange, skarpe ståltradar.

Karakteristisk for verka hennar er formene reinsa for detaljar. Formene fortel på ulike måtar om korleis mennesket inngår i det naturlege krinslaupet. Her vert reinen det avgjerande bindeleddet. Verka har samstundes ein eksistensiell karakter som loftar dei ut over tid og stad. I ei tid der vi opplever ei aukande framangjering til naturen, med klimatiske utfordringar som ein av mange uheldige konsekvensar, minner verka til Juliussen oss om noko evig grunnleggjande.

## KATALOG

Museet har laga ein katalog til utstillinga utgitt på det tyske prestisjeforlaget Arnoldsche. Sjølv om dei fleste forfattarane av boka er norske, er språket engelsk. Dette er eit økonomisk spørsmål i og med boka skal presentert ved bokmessa i Frankfurt i sommar. I år er Noreg gjesteland, ei storsatsing mange har høge forventingar til.

Eg hadde lenge sett fram til utstillinga, og ho skuffa ikkje, men gav meirsmak. Det er alltid eit godt teikn. I sommar stiller ho også ut i Blaafarveverket i Åmot og ved Anchorage Museum i Alaska.

EVA FURSETH

## KUNST LANDET RUNDT

**Anne Hansen: «Æresutstilling, keramikkarbeider i retrospekt»**  
Det gule huset på Holmen i Asker 30. november–20. januar  
Utstillinga viser eit tverrsnitt av verka til keramikaren og kunsthandverkaren Anne Hansen (1948–2018). Ho er mest kjend for keramikrelieff etter avtrykk frå tekstilar og gjennomhola blondefat av leire.



Anne Hansen: Kredit

**Martin Parr: «Life's a beach»**  
Utstillinga står til 19. april  
Perspektivt Museum, Tromsø  
I vinterkulda kan ein varme seg på strandbilete ved Perspektivt Museum. Den kjende engelske Magnum-fotografen Martin Parr stiller ut eit breitt spekter av scener frå solgyldne strender verda over. Med eit godt blikk for absurditet så vel som det humoristiske, har han fanga mange kostelege augneblick. Ofte har fotografia ein kritisk undertone, strandlivet er ikkje så uskuldig som ein skulle tru.



«SPAIN. Benidorm», 1997. Foto: Martin Parr / Magnum Photos

Francine, som døydde tidleg. Francine kan sjåast på som ein forløpar til vår tids Sophie, som har mimikk og kan føre ein dialog.

**Mønstring 2018**  
10. november–3. februar  
Sogn og Fjordane kunstmuseum, Førde

Kvart tredje år vert det arrangert ei monstring av kunsthandverk og bilekunst frå Sogn og Fjordane. Utstillinga presenterer eit breitt spekter av teknikkar og uttrykk og gir eit spennande innblikk i kva som går føre seg i regionen.

**Marte Aas: «Francine (was a machine)»**

17. januar–28. april  
Kunsthall Trondheim  
Marte Aas viser film, fotografi og objekt i ei stor separatutstilling. Utstillinga tematiserer gleder og sorgar ved kunstig intelligens. Eit av hovudverka er ein filmatisk fabel om den mekaniske dokka til den franske filosofen og vitenskapsmannen René Descartes. Det går soger om at han bygde ein svært livaktig erstatning for dottera



Marte Aas: «Francine (was a machine)». Foto: Marte Aas

**Beatkunst. De glemte malerne**  
Punkt Ø ved Galleri F 15, Moss 27. oktober–16. januar  
Galleri F 15 løfter fram ei mindre kjend side ved amerikansk kunst. Beatkunsten var uttrykksfull, gjerne spontant utforma av enkle material som dei hadde for handa. Det kvitte ein aura av bohém kring desse kunstnarane. Arbeida er i hovudsak lånte frå Wennesland-samlinga i Kristiansand, som er den største samlinga av beatkunst i verda.



Billettekst Foto: Eva Furseth